Juleverkstad laurdag i Bedehuset

09.11.2010

Frå juleverkstaden for 2 år sidan. Her er monteringen av englar i full gang. På biletet er Ingunn Olsen, Ariana Olsen Rørvik, Aud Isaksen Haugland og Nelly Kjærland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag blir det hobbydag og juleverkstad i Bedehuset, fortel Nelly Kjærland.

Hobbyklubben, Småbarnstreffet og Laurdagsskulen er saman om arrangementet dette året. Det vart halde for første gong for 2 år sidan.

Programmet blir delt i to: Første økt frå klokka 11 til 13 er for born til og med 4. klasse og då står perling, baking av ingefærkjeks, englar, grauteting og bibelforteljing ved den nye presten, Ole Kristian Due, på programmet.

Han skal fortelja frå Bibelen også når gruppa for dei frå 5. klasse og oppover kjem til verkstaden. Dei skal ha si økt frå 13.30 til 15.30 og laga drops, teikna på krus (ta gjerne med motivet), laga blåskjel-englar og perlekule.

Det blir og servering av bollar og varm sjokolade,